


# Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik

Prosjektet vil utvikle ein modell for rekruttering av fosterheimar som i større grad kan bidra til å styrke nærmiljøperspektivet når barn må flytte ut av sitt relasjonelle nettverk. Modellen tek utgangspunkt i den ansvarsfordelinga som ligg til Bufetat og kommunalt barnevern i dag.



## Bakgrunn

Barneverntenesta har eit auka fokus på verdien av tilhørigheit til sted, kultur og nærmiljø når det ikkje finns omsorgsalternativ i slekt eller nettverk. Dette vurderast som særleg vesentleg for å styrke perspektivet om midlertidigheit, og for arbeidet med utviklinga av relasjonen mellom born og foreldre etter omsorgsovertaking.

Rekrutteringssituasjonen er krevjande og det er utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg med fosterheimar i geografisk nærleik til dei borna som treng omsorgsalternativ utanfor slekt eller nettverk. Prosjektet ønskjer å være ein dørøpnar i samarbeidet mellom Bufetat og kommunalt barnevern om å saman finne gode omsorgsløysningar i barnets geografiske nærmiljø.

## Målgruppe

Prosjektet håpar å kunne mobilisere til proaktive barnevernstenester i rekrutteringsarbeidet, og at vi på den måten kan hente ut det beste i samarbeidet mellom kommunalt og statleg barnevern. Ved å saman spisse rekrutteringsarbeidet inn mot aktuelle arenaer i nærkommunen håpar vi å kunne sikre fleire born å bli buande sitt nærmiljø, og unngå krevjande prosessar der både Bufetat og kommunen gjer omfattande godkjenningsarbeid i same familie.

## Hovudmål

- Styrke rekruttering av fosterheim lokalt
- Styrke samarbeidet mellom Bufetat og kommunalt barnevern i rekrutteringsarbeidet
- Sikre at fleire born vert buande i sitt nærmiljø etter ein omsorgsovertaking
- Bidra til å styrke midlertidighetsperspektivet og bidra til at ressursar i familiars nettverk kjem barnet til gode ved omsorgsovertaking

## Kva skal vi utvikle?

- Prosjektet har utvikla ein modell for samarbeid mellom stat og kommune om rekruttering og opplæring av nøytrale fosterheimar som i større grad kan sikre flytting i nærmiljø ved omsorgsovertaking

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Lita H. Erstad, prosjektleiar på e-post [Lita.erstad@oygarden.kommune.no](mailto:Lita.erstad@oygarden.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Øygarden og Alver barnevernteneste, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. Samarbeidspartnarar i prosjektet: Familie og rettleiingssenter i Øygarden kommune (FOR) og Bufetat

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)